

# Himmel & hav

INFORMASJON 2. ÅRGANG / NR. 4 2024



## Odd sin benk

Ved inngangen til Sund kyrkje dukka det opp ei benk, "ODD sin benk". Kven er Odd og kva er grunnen til at han har fått ein benk dedikert til seg?

SIDE 4





**Annlaug Børve**  
Kyrkjeverje



## Lys i mørketida

November er over oss. Mørkret tek stadig større bitar av dagen vår, og vi gjer det vi kan for å gjere mørketida overkommeleg. Snart kjem adventsstjerner og lyslenker til å skine opp rundtom i nabolaga våre, og inne tenner vi levande lys og fyrer i omnen for å få det lunt og koseleg.

Men lys i mørket handlar om meir enn lysdekorasjonar og stearinlys. Det handlar om å spreie varme og håp, og om å vere eit lys for kvarandre.

Lettare sagt enn gjort, tenkjer du? Eg trur ikkje det. Eg trur at vi med små, enkle handlingar kan skape ekte lys i mørketida. Å møte nokon med eit smil, gje ein hyggeleg kommentar på butikken, eller bruke nokre ekstra minutt til å spørje korleis nokon har det. Slike enkle gestar kan bety mykje for ein som elles kanskje opplever dagane som tunge og einsame. Når vi viser omtanke og vennlegheit skapar vi ein atmosfære av omsorg som alle kan kjenne på, sjølv i ei travel førjulstid.

Vi kjenner ikkje alltid til kva folk rundt oss går gjennom. Livet kan vere krevjande, og mørket kan kome snikande på dei fleste av oss. Difor er det ekstra viktig at vi løfter blikket og ser kvarandre. Vi treng alle å kjenne oss sett og verdsett. Eit enkelt smil eller eit varmt ord kan vere det som lyser opp ein heil dag – både for den som gjev, og den som får.

La oss difor ta ansvar for å vere lys i mørketida. Det krev ikkje meir enn litt vilje og omtanke. Det er desse enkle handlingane som gjer at vi kjenner varme og nærleik, sjølv når dagane er på sitt mørkaste. La oss skape ei førjulstid som ikkje berre er vakker å sjå på, men som òg er god å vere i.

Eg ønskjer alle ei strålende adventstid!

### Utgjevar:

Øygarden kyrkjelege fellesråd

### Ansvarleg redaktør:

Annlaug Børve, kyrkjeverje

### Redaktør og grafisk utforming:

Yngvild Mørner Sørheim

**Redaksjon:** Olai Otterå (Sund sokn), Øyvind Angelskår (Foldnes sokn), Alvhild Vassel Eide (Landro sokn), Olav Martin Vik (Hjelme og Blomvåg sokn)

**Framsidedeilete:** Odd på benken framfor Sund kyrkje



**Foto:** Olai Otterå

**Trykk:** RKGrafisk

**Opplag:** 4 nummer i året.

**Frivillig kontingent:** 350 kr i Øygarden, 400 kr utanbygds - Takk for di støtte!

**Bankkonto kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Vipps kyrkjeblada i Øygarden:** 82511

**Innleveringsfrist** for annonsar, artiklar og kunngjeringsar til neste nummer av Himmel&hav: 4. februar

**E-post redaksjon:** ys487@kyrkja.no

### Kontaktinformasjon

**Øygarden kyrkjekontor,** Tytebærbrekko 2, 5353 Straume  
Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

**Telefon:** 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvardagar kl. 09.30–14.30

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/oygarden

### Kvifor får du Himmel&hav i postkassa di?

Magasinet blir lagt i alle postkassar i heile Øygarden. Det blir gjort fordi det blir rekna som informasjon, og ikkje reklame, i samsvar med Markedsføringsloven og Forbrukartilsynet si rettleiing for levering av uadressert reklame og aviser. Vi har dessverre ikkje høve til å trekkje ut adresser, så om du ikkje ønsker bladet, ber vi deg om å sortere bladet i papirsøppelet. Bladet er trykt på resirkulerbart papir.

# Innhald



- |                                                     |                                   |                                          |
|-----------------------------------------------------|-----------------------------------|------------------------------------------|
| <b>04</b> Ein benk til ære for Odd                  | <b>14</b> Møt Morten Torsvik      | <b>23</b> Smånytt                        |
| <b>06</b> Julegåvetips - Hjelme gamle kyrkje 150 år | <b>16</b> Julequiz                | <b>24</b> Ungdomar på bibelgruppe        |
| <b>08</b> Konsertar og arrangement                  | <b>17</b> Jula - ei skjør høgtid  | <b>27</b> Vellukka jubileumsveke         |
| <b>09</b> Felles formiddagstreff                    | <b>18</b> Livets gang             | <b>28</b> Eit langt og variert presteliv |
| <b>10</b> Konfirmantjubileum                        | <b>19</b> Orgelopptur             | <b>29</b> Generasjonskveld               |
| <b>12</b> Litauisk jul i Noreg                      | <b>20</b> Barn og unge sine sider | <b>30</b> Gudstenester                   |
|                                                     | <b>21</b> Julefestinvitasjon      |                                          |

Himmel&hav er eit gratis magasin med frivillig kontingent frå Den norske kyrkja i Øygarden; sokna Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg.



# Ein benk til ære for Odd

–Eg blei veldig overraska over denne benken, men glad for tildelinga. Eit lite sjokk var det nok likevel. Det seier Odd Bakke om å få ein solid steinbenk med namnet sitt på sett opp utanfor Sund kyrkje.

## Tekst og foto: Olai Otterå

Benken vart avduka i byrjinga av juni då det var fest for dei frivillige i Sund. Odd sjølv var ikkje til stades under avdukinga, men kom dit litt seinare same kvelden. Med denne benken ville Sund sokneråd æra Odd Bakke for alt det frivillige arbeidet han har gjort opp gjennom mange år.

### Idéen tok til

På årsmøtet i kyrkjelyden i vår vart det fremja eit ønskje om at Odd burde få ei påskjøning for det frivillige arbeidet han har gjort

for kyrkjelyden, både i og utanfor Sund kyrkje. Det var viktig at han måtte få dette før han blei altfor gammal.

Ei arbeidsgruppe i soknerådet jobba vidare med ideen for å finna ut kva merksemd dei kunne gje han. Etter kvart kom ideen om ein benk fram, og då ein steinbenk som ville halda lenge og ikkje kunna flyttast. Eit firma i Førde vart kontakta, og dermed blei ein to meter lang steinbenk sett opp ved inngangen til Sund kyrkje. Her kan både Odd og andre setje seg

ned og kvile seg, iallfall når sola skin.

Forslagsstillaren er svært takksam for at soknerådet så fort gjorde alvor av forslaget og fekk det realisert. Men kva er det så Odd Bakke har gjort som gjer at han får tildelt denne steinen?

### Tar ansvar

–Eg har alltid likt å driva med praktisk arbeid, fortel Odd om alt han har gjort. –Heilt frå eg som fem-åring mista far min har eg følt



ansvar for familien. Seinare var det lokalsamfunnet som opptok meg. Eg har liksom hatt lyst til å gjera noko nyttig for fellesskapet.

### Nye Sund kyrkje

Odd jobba først som elektrikar ved BMV i Bergen, men i 1972 flytta han attende til heimstaden i Klokkarvik. Her fekk han bygd eit hus i tilknytning til huset han er fødd og oppvaksen i. Han byrja å jobba for kraftlaget, her arbeidda han både høgt og lågt. Difor var det han som måtte til før den nye kyrkja skulle innviast i 1997 og tårnet skulle støvsugast. Ein lift måtte sjølvstilt til, men høgda var ikkje noko problem for Odd.

Men alt då grunnsteinen til den nye kyrkja skulle leggjast ned, måtte Odd vera med. For kven andre enn Odd var det som laga kassen ein skulle leggja tinga i? Kassen vart gjort ferdig kl. 22 kvelden før grunnsteinen skulle leggjast ned.

### Har vore lenge aktiv

Kyrkjetunet er det mange i Sund som hugsar. Ein gong var det berre ei løe, men innmaten vart riven og delar gjort om til barnehage, ein annan del vart til eit forsamlingslokale og kontor. I dette arbeidet var Odd ein aktiv deltakar saman med bl.a. Konrad Børnes.

I Klokkarvik har det i ei rekke år vore laga til julemesse i løpet av november. På julemessa blir det selt fleire lokale ting, men ei viktig inntektskjelde er åresala. Men åresal utan årar går ikkje så bra, så Odd sette seg ned og laga alle årane. Det er ikkje berre pinnane som skal lagast, det er òg å skriva på alle tala.

Også i Kausland vert det laga til ei liknande messe, den såkalla Vårnessa. I fleire år har to av premiane vore to hagebenkar i tre. Desse hagebenkane er det Odd som har laga. Og ikkje berre dei som blei lodda ut, til saman har han laga 70 slike benkar.

Ein del kyrkjegjengarar har nok òg treft på Odd når han har ønskt dei velkomen til kyrkja som kyrkjevert, eller han har vore med å laga kaffien som blir servert på kyrkjekaffien etter gudstenesta.

### Steller fint til

I tilknytning til prestebustaden i Klokkarvik er det ein hage som vert kalla Paradishagen. Denne grodde etter kvart over av tre og buskar. Men etter at Odd pensjonerte seg i 2011 gjekk han laus på denne hagen og fekk han rydda slik at han såg fin og velstelt ut.

Den gamle kyrkjevegen over fjellet mot Sund kyrkje har ein stad når ein nærmar seg kyrkja som vert kalla Skautekleiva. Her var det vanleg at kvinnene tok på seg skaut før dei nærma seg kyrkja. I dette området fann Odd ut at han ville kutta dei nedste greinene på trea.

Om vinteren når snøen legg seg og tilgangen til Sund kyrkje blir vanskeleg har det ofte vore Odd som har funne fram spaden og skufle vekk snøen, Og om han ikkje går dit, er det gjerne nokon som ringjer til han og spør om han kan gå opp og skufle vekk snøen.

### Ser det som må gjerast

Det mange frivillige ting Odd Bakke har gjort i tilknytning til kyrkja opp gjennom åra, og vi får ikkje nemnt alt her. Men dei som kjenner han godt, har lagt merke til at han er ein som ser kva som må gjerast, om det berre er ein skrue som manglar, eller eitkvart lite som må vølast. Odd har gjort det som mange andre gjerne ikkje ein gong såg.

Odd er ein mann av få ord, vert det sagt, men når det gjeld å få ting gjort, så har han vore ein framifrå person. At han har fått ein kvilestein ved Sund kyrkje er han vel unt.



## Julegåvetips og gode historiar frå **Hjelme gamle kyrkje**

September neste år er Hjelme kyrkje 150 år. Ein jubileumskomité har starta planlegginga og viser stolt fram vottane som skal seljast til inntekt for jubileet.

Tekst og foto: Espen Tveten



Jubileet har fått overskrifta «I samtid». Jacob Henrik Hellesund er leiar av komiteen og ynskjer eit jubileum med fokus på kva kyrkja har betydd for folk før kyrkja vart reist i 1875, kva ho har betydd i åra frå 1875 til 2025 og kva ho kan bety i framtida. –Her er det mykje interessant å ta tak i, seier Hellesund. Han trekkjer fram tema som utviklinga til statskyrkja, forholdet til andre trussamfunn og bedehus, kva rolle den personlege trua har hatt. Vidare seier han: –Plassen til kvinna i kyrkje og samfunn, konfirmasjonen, religiøs ytringsfridom, song og musikk og kva slags plass skal gamlekyrkja ha i notidas kyrkjeliv. –Me vil ha mange ulike kulturarrangement og det heile skal munna ut i ei jubileumsgudsteneste 7. september, seier Hellesund.

*–På kva måtar vert folk involverte?*

–På mange måtar. Me vil gjerne at folk meldar seg som frivillige. Og så ynskjer me å samla inn historiar som folk har frå Hjelme gamle kyrkje. Det kan vere minne og opplevingar knytt til dåp, konfirmasjon, giftarmål, gravferd, gudsteneste, trua, kyrkjevegen og anna. Me vil gjerna at folk sender inn slike historiar til oss. Då kyrkja var 125 år, vart det laga eit fest-

skrift av Egil Sæle. Me ynskjer å revidera den utgjevinga å få med nokre av folks eigne historier, seier Hellesund.

### Julegåvetips

I samband med jubileet er det laga ei ny strikkeoppskrift på vottar. Oppskrift og garn er no i sal og vil vera ei ypparleg julegåve. Det er Karen Oliva Solheimslid som har laga oppskrifta. Ho sit i komiteen og fortel at inntektene går til jubileet.

Motiva på vottane er henta frå gamlekyrkja. Her finn me det åtte-tagga vindaug i tårnet. I kyrkehistoria har åtte-tagga stjerner mellom anna vorte brukt for å representera dei åtte personane som vart redda i arka Noa bygde. I mansjetten finn me årstalet kyrkja vart bygd, 1875, og jubileumsåret 2025, saman med eit mønster ofte brukt for å representera fiskegarn og nett. På handbaken har ho teke med ornamentikken frå utskjeringane over altertavla og liljene på omnen midt i kyrkja. Liljer har ofte symbolisert Maria og hennar tru, uskuld og håp. Det er òg to kors på handbaken saman med to hjarte. Desse symbola for tru, håp og kjærleik er omringa av ein stor H som står for Hjelme.

### Informasjon om sal av strikkeoppskrift og garn

- Pris: Eit par = 300 kr.  
To par = 400 kr
- Fargealternativ 1: Melert grøn og natur. Fargealternativ 2: Koksgrå og natur (Raumagarn)
- Betaling: Vipps nr. 623648 (Nærmiljøutvalet Bakken krins). Vel underkategori «Sal» og merk deretter innbetalingane med «Vottar».
- Oppskrift og garn er for sal på: Kyrjekontoret på Straume (måndag, tysdag, onsdag og fredag kl. 09.30-14.30. Tlf. 400 03 316, e-post: post.oygarden@kyrkja.no Kyrjekontoret på Rong (tysdag 09.00-15.00. Same tlf. og e-post som Straume) Hjelme og Blomvåg kyrkje (etter gudstenester og arrangement)
- Karen Oliva Solheimslid kan kontaktast på tlf. 411 88 055

### Har du ei historie frå Hjelme gamle kyrkje?

Send ho på e-post til: Jacob Henrik Hellesund: jacob.hellesund@outlook.com eller Espen Tveten: et868@kyrkja.no

## KONSERTAR OG ARRANGEMENT



**Å kom nå med lovsang**  
Julekonsert ved Gospelkoret Lokal Vokal

**1. desember kl. 19.30**  
**i Foldnes kyrkje**  
Inngang kr 150 - Vipps i døren

**FOLDNES KYRKJE**  
Torsdag 28. november kl. 17.30



**Stille Natt Hellige Natt**  
ALEXANDER RYBAK • ANNA-LISA KUMOJI  
RUNE LARSEN • TOR ENDRESEN  
MUSIKERE: TOVE KRAGSET • JØN ARNE BJØRNSTAD

Scandic ticketmaster Strømmestiftelsen HELMIFER TATTISDØM taran

**Morgonmesse i Blomvåg kyrkje**

**Tysdag 26. november kl. 06.30**  
andakt ved Espen Tveten

**Tysdag 10. desember kl. 06.30**  
andakt ved Anne Merete Flekstad Vik

Få ein annleis start på dagen i adventstida. Det blir andakt, song og musikk ved eige husorkester og nattverd.



*Fredag 14. februar*

**Valentin-konsert**

Felleskonsert med alle organistane i kommunen i Sund kyrkje.



divisi

## "Sammen i sangen" med divisi i Landro kyrkje

Fredag 21. mars kl. 20.30 kjem koret divisi til Landro kyrkje saman med dyktige musikarar. Velkomen skal du vere til å ta del i denne allsangskvelden, saman gjer vi dette til Guds ære!

Meir info om arrangementet kjem på plakatar, Facebook og nettsidene til kyrkja.





# Felles føremiddagstreff i Fjell kyrkje

Onsdag 25. september vart det laga til eit felles føremiddagstreff for alle dei fem sokna i Øygarden kommune.

## Tekst og foto: Olai Otterå

Dette skjedde i den «nye» Fjell kyrkje og i kyrkjelydssalen i tilknytning til denne. Treffet var eitt av fleire arrangement denne veka for å markera arbeidet som hadde vorte gjort med den 150 år gamle Fjell kyrkje.

Rundt 70 personar hadde møtt fram i kyrkjelydssalen der det vart servert middag i form av betasuppe. Etterpå kunne ein forsyne seg av ei stor marsipan-kake og andre kaker til ein kopp kaffi. Innimellom var det òg fleire innslag, m.a. song av Ole Kristian Hamre til musikk av den nye

kantoren i Fjell kyrkje, Solveig Karoline Flekstad Vik, og Knut Kaldestad hadde ein andakt. Soknepresten i Fjell, Per Hjemdal, fortalde historia om komponisten Jaques Offenbach. Han jakta på Zimmers vals, ein melodi som han lenge berre kunne byrjinga på, men som han til slutt fekk den fullstendige versjonen av.

Då Erling Kopperud heldt foredraget sitt om historia til Fjell kyrkje, flytta alle seg inn i kyrkjerommet. Han starta tilbake i 1725 då den dåverande kyrkja vart seld til private. Welhaven var ein gong

på besøk, og han tykte ikkje kyrkja var noko særleg. Seinare kom det krav om at kyrkja måtte ha plass 33% av innbyggjarane, noko som betydde at Fjell kyrkje burde ha plass til over 700 personar. Arbeidet med å planleggje ei ny kyrkje starta, og i mai 1873 vart det bestemt av kyrkja skulle byggjast. Kyrkja kosta 20 gonger eit årsbudsjett for kommunen. Omnar kom først i 1898. I 1971-72 kom kyrkjelydssalen i tilknytning til kyrkja, noko riksantikvaren var imot, men som staten godkjende. Erling Kopperud var også innom nokre av kunstverka som ein finn i Fjell kyrkje.

# Konfirmantjubiläum i haust

Det har vore fleire konfirmantjubilantar å få sjå  
i kyrkjene denne hausten.

**Tekst og foto: Olai Otterå og Yngvild Mørner Sørheim**

## Sund først ut

I løpet av september var det tre konfirmantjubiläum i dei to kyrkjene i Sund sokn. Først var konfirmantar frå 1974 samla til 50-årsjubileum i Sund kyrkje. Tre veker seinare var det eit jubileum i Kausland kyrkje, men denne gongen var det dei som kunne feira 60- og 70-årsjubileum.

Under gudstenestene vart alle namna på dei framømte jubilantane lesne opp, og dei stilte opp på lang rekke framfor altarringen. Etterpå var det kyrkjekaffi med marsipankake både til jubilantane og til resten av kyrkjelyden.

## I nyrestaurert kyrkje

Då Fjell kyrkje inviterte til gudsteneste med seks dåp og konfirmantjubiläum for fleire årskull, vart det fort ei fullsett kyrkje med mange festkledd menneske. Eldstemann vart konfirmert i 1944!

Etter gudstenesta og fotografering fekk konfirmantane komme inn til kyrkjelydssalen med fint dekkja bord. Her vart samlinga leia av Dag-Olav Bjørøy, soknerådsleiar i Landro. Det var god middag, kakebord og talar. Her var det mange gledelege gjensyn.



50-årskonfirmantane i Sund kyrkje



60-årskonfirmantane i Kausland kyrkje



70-årskonfirmantane i Kausland kyrkje



75-årskonfirmantane saman med 80-årskonfirmanten (i midten)



I 1964 vart 60-årskonfirmantane konfirmerte



70-årskonfirmantane vart konfirmerte i 1954



Ein god gjeng med 50-årskonfirmantar, som vart konfirmerte i 1974

**Adventssamling**  
**TORS DAG 5. DESEMBER KL. 13.00**  
**I BLOMVÅG BARNEHAGE**

Andakt ved Per Hjemdal  
 Sang av Hagavikduoen  
 Sang av barnehagebarn  
 Full julemiddag med kaffi og kaker  
 Quiz

Pris: Kr. 500,- pr. person  
 Påmelding til Ellen Ebbesvik, tlf. 924 42 881 innan fredag 29. november.  
 Arrangement for heile kommunen

DEN NORSKE KYRKJA  
 Kyrkje i Bjergstien

Temakveld  
 i Fjell kyrkje 19. februar  
**Johannes'**  
 openberring  
 fortalt

Forteljar:  
 Anne Kristin Aasmundtveit

Musikar og songar:  
 Sven Aasmundtveit





Førebels er ingen julenotar framme på kyrkjeorgelet i Sund kyrkje, men snart skal nok Marija til å øve på dei norske julesongane og -salmene.

# Litauisk jul i Noreg

–Mange ting med jula i Noreg er likt med jula slik ho blir feira i Litauen. Det fortel Marija Bernotaite. Ho er kantor i Sund sokn, men kjem frå Litauen, frå byen Marijampole eit stykke inni landet med vel 50.000 innbyggjarar.

## Tekst og foto: Olai Otterå

Utdanninga si som organist har Marija frå Musikkakademiet i Litauen. Men dei siste sju åra har ho budd med familien sin (mann og eit barn) på Askøy. Der var ho organist i ei lita stilling på 25% før ho kom til Sund. Ei så lita stilling gjorde at ho i tillegg måtte jobba i barnehage og ha timar med elevar på piano for å koma opp i full stilling. I Sund har ho no 80% stilling som kantor og 20% stilling som barne- og ungdomsarbeidar i kyrkjelyden, og i den jobben er ho mest saman med konfirmantane

og syng gjennom salmar med dei.

Når no jula nærmar seg er det julesongar og -salmar ho må begynne å konsentrere seg om. Det er kanskje berre eit par av julesalmane som vi brukar i Noreg som har felles melodi med dei som blir brukte i Litauen. Då ho kom til Noreg, måtte ho bruka ein del tid på å læra seg mange nye julesalmar og -sogar. Men etter kvart som ho har blitt kjent med dei, går det lettare.

På julaften er mykje likt med Noreg. Men i Litauen ventar ein gjerne til ein ser Betlehemsstjerna på himmelen før ein et middag. Maten på julaften er gjerne fleire rettar med fisk saman med grønsaker, kanskje så mange som 12 rettar. Det er òg vanleg å dele ut nattverdrød før måltidet, eit brød som liknar det norske, men ikkje er heilt likt. Ho får tak i dette brødet i Bergen. I samband med nattverdrødet kan ein be for nokon eller takka for noko. For dei fleste er det òg vanleg, som



Ei av julekrubbene i Marija sin heimby Marijampole som det er vanleg å besøkje i løpet av juledagane.

i Noreg, å dela ut gåver på julaftan, men enkelte gjer dette på 1. juledag.

Maten på 1. og 2. juledag er gjerne kjøt, og mest vanleg er kalkun eller kylling. Marija og familien hennar held på tradisjonen frå Litauen. Ein annan tradisjon dei har med seg frå Litauen, er å dra inn til byen på ein av desse dagane og sjå på juletra. I Litauen er det derimot gjerne litt meir å sjå. –I Litauen er det vanleg at det blir stilt ut ulike julekrubber, t.d. i heimbyen min, og desse er det vanleg å besøkje i løpet av juledagane, fortel Marija Bernotaite.

# Vi syng jula inn

Bli med på å syng jula inn! Med song, musikk og andakt blir det god julestemning for store og små.

<b>Landro kyrkje søndag 8. desember kl. 17.30</b> Med Landro barne- og tweenskor, Landro Vokal, Sotra Storband, solistar og band. Gløgg etterpå.	<b>Kausland kyrkje søndag 15. desember kl. 17.00</b> Med Stjernekorset, solosong ved Hanne Kathrine Boga med Håvard Lie Melkevik på piano.	<b>Foldnes kyrkje søndag 15. desember kl. 17.30</b> Med Mannskoret Avogtil og solosong ved Solveig Mo.
<b>Blomvåg kyrkje søndag 15. desember kl. 17.00</b> Med barnekorset Lyskastaren	<b>Fjell kyrkje søndag 15. desember kl. 17.00</b> Med Fjell barnekor, Sotra Reviderte og Lukas TenSing med band. Gløgg etterpå.	<b>Hjelme kyrkje søndag 22. desember kl. 17.00</b> Med Skulemusikkorpset.

**Gratis inngang**



# Møt Morten Torsvik

–Mitt ønske er at folk skal ha eigarskap til det vi held på med i kyrkja! At alle skal koma med det dei er og det dei har av talentar og engasjera seg!

**Tekst: Alvhild Vassel Eide**

**Foto: Yngvild Mørner Sørheim**

Slik uttrykkjer den nye soknepresten i Landro, Morten Torsvik seg, då han vert spurd om kva han ønskjer seg av kyrkjelyden.

Morten (60) er fødd og oppvaksen i Bergen, men har røtene i Øygarden, –mor var frå Vik og far frå Torsvik. Han og kona Ingrid frå Kristiansand, har hus på Vik og bur der. Ingrid er barnelege og arbeider ved kreftavdelinga på Haukeland Universitetssykehus. Dei har fem vaksne born som bur andre stader i landet.

*–Kvar har du hatt teneste før du kom til oss i Landro?*

–Etter feltprestteneste vart eg sokneprest i Bremanger, der eg

var i seks år. Deretter kom eg til Bibelskolen på Bildøy der eg var bibellærer i 19 år. Draumejobben, ein kan ikkje få ein betre jobb, seier Morten med eit smil. –To og eit halvt år som sokneprest i Fjell vart det også før Ingrid og eg drog til Etiopia i teneste for Norsk Luthersk Misjonssamband.

*–Kva tankar gjer du deg om opphaldet i Etiopia?*

–Flott å få møta ein annan kultur, mange interessante opplevingar. Stor naud, tid og krefter gjekk med til å leva. Folk var fattige og hadde lite, men var gjestfrie og delte av det dei hadde. Minareten varsla bønnetider fem gonger pr dag, fredagen knelte folk på bønematter litt overalt. Spesielt!

Tankevekkande møte med menneske som hadde måtta flykta frå familien fordi dei hadde valt å følgja Jesus.

*–Kva ser du som di viktigaste oppgåve som sokneprest i Landro?*

–Å forkynna evangeliet til frelse og etterfølging! Å leggja til rette for at folk får møta Jesus! Som sokneprest vil eg hjelpa oss alle til å halda fokus i alt det vi gjer, å ha det felles mål å leia menneske til Jesus.

Morten vil vera med å heia på alt kristent arbeid, han håpar vi kan stå saman alle og at dei som har kjent seg heimlause kan koma tilbake.

–Det er ei stor velsigning for kyrkjelyden når medlemmene ønsker å delta, kvar på sin måte. Då vert det vårt arbeid og det vert fint å vera her for oss alle! Understrekar den nye soknepresten.

–Før eg søkte stillinga, vart eg oppmuntra til å søkja og eg er blitt godt tatt imot, har følt meg veldig velkommen! Er takksam for det! Avsluttar Morten Torsvik.



Prost Jan Tommy Fosse (t.h.) ønskte den nye soknepresten velkommen.  
Foto: Dag-Olav Bjørøy

## Innsett søndag 1. september

Etter nær fem månader med ulike vikarprestar kunne kyrkjelyden i Landro ønskja sin nye sokneprest velkommen. Soknerådslerar Dag-Olav Bjørøy las innsetjingsbrevet frå biskopen. Prost Jan Tommy Fosse minna han om at presten si oppgåve er «bera menneske til Jesus» slik vennene bar sin lamme ven til Jesus for at han skulle gjera vel mot han. Fosse oppfordra også kyrkjelyden til forbøn for den nye presten. Deretter knelte Morten Torsvik og prosten bad for han og tenesta hans.

Den nyinnsette presten leia gudstenesta som inneheldt både dåp og nattverd. Dagens tekst var henta frå Luk 10 og handlar om Jesu møte med Marta og Maria. Ei forteljing som viser oss kor viktig det er å ta imot det Jesus vil gje oss gjennom bibelordet og bøna når vi vil gjera ei teneste for Jesus. –Vi treng å ta imot før vi gir. Vi treng å pusta inn før vi pustar ut.

Ei lovsongsgruppe som bestod av Øyvind Heggholmen, Magnus Mjelde Kluck og Eivind Kausland Lie, Rune Landro på saksofon og kantor Eline på orgel og piano, var med å gjera gudstenesta til ein fest.

Etterpå var mange, både frå kyrkjelyden i Landro og nabo-kyrkjelydane, med i kyrkjelydssalen til kaffi og kaker. Fleire tok ordet og ønskte den nye presten velkommen.



**Fjell kyrkje 150 år**  
**Handmalt julekule**

No har du høve til å kjøpe ei handmalt julekule frå Misje Collection i Haugesund med Fjell kyrkje som motiv.

Pris: kr 300 pr. stk. - innpakka i eiga gåveeske

Vipps #80304 Fjell kyrkje - kategori "Julekulekuler 150 års-jubileum"

Meir informasjon finn du på nettsida vår [kyrkja.no/fjell/julekule](http://kyrkja.no/fjell/julekule)



**En jul å glede seg til**

Blå Kors har flere tilbud for barnefamilier som strever. Med din støtte kan vi hjelpe flere!



**Gi din støtte til familier som har det vanskelig**

Gi din gave på **vipps 936679**



**Blå Kors**



# Julequiz



## Klarer du 20 raske spørsmål om jula?

1. Kva betyr ordet advent?
2. På kva dato har jula tradisjonelt vore rekna som over?
3. Og kva slags kongeleg namn har også denne dagen?
4. I tillegg til sauer, kva andre to dyr finn vi som regel i ei tradisjonell julekrybbe?
5. Kva instrument vart «Glade jul» framført med for aller første gong?
6. Korleis byrjar juleevangeliet?
7. Når i julehøgtida blir det feira midnattsmesse i Peterskirken i Roma?
8. Kva slags kristen dekorasjon/tradisjon blir rekna som den eldste?
9. Kva er eigentleg myrra?
10. Kven var landshøvding i Syria då Jesus vart fødd?
11. Lilla er adventsfargen, men kva blir rekna som festfargen til kyrkja?
12. Josef og Maria drog frå Nasaret i Galilea til Betlehem, men i kva område ligg Davids by?
13. Kor mange vers er det i songen «Deilig er jorden»?
14. Kor mange prosent av befolkninga anslår ein at går i kyrkja på julaftan?
15. Kor lenge varer julehøgtida i kyrkjeåret?
16. Kva er «God jul» på spansk?
17. Kva song kjem denne frasen frå: «Engler daler ned i skjul»?
18. Kor mange gudstenester er det på julaftan i Den norske kyrkja i Øygarden?
19. Kor mange «slag» seier ein ofte at ein skal bake til jul?
20. I kva for eit av dei fire evangelia finn vi Juleevangeliet?



- Fasit**
1. Advent er forkortinga for "Adventus Domini", altså "Herrens kome"
  2. 6. januar (13. dag jul)
  3. Heilage tre kongars dag
  4. Okse og esel
  5. Gitar
  6. I dei dagane... / Det skjeddde i de dager...
  7. Ved midnatt på julaftan
  8. Julekrybba
  9. Harpiks/sevja frå myrratreet, og vart tidlegare brukt som medisn.
  10. Kvinius
  11. Kvitt
  12. Judea
  13. Tre vers
  14. Rundt 10 prosent
  15. Frå 24. desember til og med første søndag etter nyttår
  16. Feliz navidad
  17. Glade jul, hellige jul
  18. 12
  19. Sju slag
  20. Lukasevangeliet





Kvart år kjem rapporten som viser kor lukkelege vi er (World Happiness Report). For få år sidan var Noreg på toppen av lista. Vi er framleis høgt oppe, men fell litt nedover år for år. Før var det dei yngste blant oss som var dei mest lukkelege. Slik er det derimot ikkje lenger, dei unge har vorte meir pessimistiske. Slik var det ikkje før. Blir liva våre meir skjøre?

Sjølv om vi framleis er svært privilegerte på mange område, er det symptomatisk at unge bekymrar seg meir. Verda er uroleg. Klimaendringane gjer både notid og framtid usikker, talet på krigar og konflikhtar aukar, ja faktisk har det ikkje vore fleire væpna konflikhtar i verda sidan andre verdskrig.

Frå eit kristent perspektiv var vel aldri verda meir skjør enn då Guds frelseplan vart gitt til to tenåringar frå den bortgøymde byen Nasaret. For eit vågestykke frå Gud! Tenk å leggja frelseplanen til ein liten, fattig og skjør familie. Her var det mykje som enkelt kunne skore

seg. Men måten vi kalkulerer på, er sjeldan Guds måte.

I fjor hadde vi, tradisjonen tru, julevandring for barnehagane. Barna var kledde ut som gjetarar, vismenn, englar, Maria og Josef. Vandringa hadde nådd målet sitt, Jesus hadde kome i krubba og barna var stilt opp rundt alterringen. Kyrkjelydspedagogen vår kom på å spørja: Var Jesus ein vanleg baby? Barn svarer på spørsmål, gjerne høgt. I kor ropte halvparten ja, halvparten nei. Og litt uintendert kom eit viktig poeng fram, for begge svar er rett. Jesus var som oss. Gud kom med nervesystem, blodårer og negler som voks. Men han var også noko heilt anna enn oss. Han var og Gud, opphøgd og evig. Jesus, som Gud og menneske, er skjøre menneske sin hjelper i liv og død.

For Jesus veit korleis det er å vera menneske. I jula blir livet teke på alvor. Det er ikkje eit poeng å stå fram som fromme glansbilete. Vi må ta omsyn til både vondskapen og godheita i og rundt oss. Dette

er allereie kjent av Jesus og difor vil han koma til oss. Vi kunne ikkje koma til han, men han måtte koma til oss. Det er nåde og sjølvoppofring sett i system.

Eg håpar mange opplever ei god og meningsfull høgtid. Men jula er ikkje først og fremst dei lystige hjarters høgtid. Det er ikkje julestemninga vi feirar, men tida då noko for alltid vart endra i verda. Jula er tida då Guds lys byrja å skina med ny glød i verda. Jesus er verda sitt lys og han kom for å skina og gi håp i mørket vårt. Trygve Skaug seier det slik: «No har eg lært at det er plass til heile mørket mitt i lyset ditt».

Om vi kjem til å stiga eller søkka på lukkemålingane veit ingen. Livet er uberegneleg. For mange blir jula ikkje slik ein ønskjer ho skulle vera. Ingen av oss kjenner framtida, ho er skjør. Men vi skal få kjenna og ta imot han som kom, Jesus, verda sin frelsar.

Velsigna høgtid!



# LIVETS GANG

## 12. august - 20. oktober

### DØYPTE

#### Kausland kyrkje

Julian Telle Galgerud  
Aksel Johnsen Storesund

#### Sund kyrkje

Jamie Dale Midttveit  
Ellinor Sofie Hansen  
Varg Haugland-Bakke  
Ellinor Rasmussen  
Mia Sangolt  
Sunniva Fjellanger Toft

#### Fjell kyrkje

Alma Sæle  
Ariel Eide Rådal  
Oliver Rådal Ølnes  
Sonja Risnes Rui  
Nelida Gudim Widvey  
Emil Justad Solsvik  
Oda Bildøy Lie  
Magnus Waardal-Stensholt Granum  
Aurora Lie  
Colin Merkesvik Telle  
Odin Mehus Træet  
Sigrid Turøy  
Leon Eide Unneland  
Noel Sjursen  
Fillip Lereim Skudal  
Arlo Røsæther Stokke  
Daniel Grande  
Joel Hugdal Sakseide  
Mailo Solberg Alfstad  
Siri Leonora Ramsdal Aase  
Alice Tellnes  
Julie Aasbø

#### Foldnes kyrkje

Carolina Flagtvedt  
Jens Mjelde  
Julian Lokøy Semshaug  
Nora Nesse Hoff  
Frida Alexandra Moore  
Johannes Suphellen Takvam  
Maia Handal  
Jonas Løtuft Leikanger  
Louise Harkestad Hesvik  
Eleni Lunde Renken  
Mileah Helen Skarveland  
Christensen

#### Landro kyrkje

Theo Marøy Barrett

Theo Rodriguez Fedøy  
Benjamin Træet Skarholm  
Olai Dyrøy Molland  
Ingrid Mathiassen  
Lovise Strandskog Andreassen  
Ellinor Sofie Vindenes Hjelle  
William Vindenes Helsø  
Benjamin Rathe Stefferud  
Amalie Vik  
Martine Isager Knudsen

#### Blomvåg kyrkje

Olias Andersen  
Isak Young Hellesund  
Imre August Skotnes  
Matilde Sofie Jagedal  
Ellinor Marie Zakariassen Rong  
Lilly Irene Raknes Nordanger  
Josefin Drange Brandal  
Gabriel Hellesøy Fjeldstad  
Sofie Andersen Dale

### VIGDE

#### Fjell kyrkje

- Hildegunn Brudvik og Mathias Kopperud Kvinge
- Linn-Anita Enoksen Nordin og Daniel Braun Øversveen
- Malene Midttveit Andresen og Per Kristian Trengereid
- Laila Karin Rong og John Vidar Kårstad
- Maritha Søyland og Kenneth Ljunggren

#### Foldnes kyrkje

- Therese Myklebust og Agnar Einestrånd
- Jenny Marie Foldnes Fjell og Daniel Dyrkolbotn

#### Sund kyrkje

- Karoline Sortevik Telle og Øystein Indredavik
- Amalie Yndestad Nygård og Henrik Myklebust

### DØDE

#### Kausland kyrkje

Astrid Anna Nordlie f. 1934  
Solveig Terese Johannessen f. 1951  
Ingolf Martin Berge f. 1947  
Kåre Faugstad f. 1938

#### Sund kyrkje

Steinar Arvid Kleppe f. 1937  
Marit Helen Melkevik f. 1949  
Reidar Bjørøy f. 1951  
Ragnar Børnes f. 1931  
Eli-Karin Hjørnevik f. 1939  
Johannes K. Svellingen f. 1940  
Annie Kausland Rise f. 1959  
Anna Botilde Børnes f. 1923  
Øystein Hummelsund f. 1950

#### Fjell kyrkje

Kjell Inge Dale f. 1966  
Torbjørn Hagenes f. 1941  
Johnny Thorsen f. 1966  
Aase Winther f. 1938  
Anne Karin Dahl f. 1939  
Marit Norun Ekren f. 1948

#### Foldnes kyrkje

Anders Georg Anglevik f. 1938  
Mette Fredrikke Indrevik f. 1960  
Eli Ree f. 1938  
Geir Ormark f. 1952  
Vigdis Anita O. Gabrielsen f. 1960  
Margrethe Straume f. 1936  
Dagny Elisabeth Bruvik f. 1933  
Magne Gandrudbakken f. 1942  
Torstein Solbakken f. 1940  
Jostein Magne Bergsvik f. 1957  
Dag Otto Gadder f. 1965  
Ragnar Müller f. 1946  
Aslaug Snekkevik f. 1935  
Svein Harald Nervik f. 1949

#### Landro kyrkje

Per Eggen Dale f. 1939  
Nelly Olsen Angeltveit f. 1920  
Solveig Bjørk Annieardottir f. 1958  
Gerald Stephen Stewart f. 1947

#### Blomvåg kyrkje

Oddvar Magne Rong f. 1951  
Margoth Johanne Alvheim f. 1935  
Frank Roar Andersen f. 1955  
Ingeborg Herdlevær f. 1933

#### Hjelme kyrkje

Ingrid Nordvik Ottesen f. 1924



# Orgelopptur

Konserten med orgeldugnad i Foldnes kyrkje 1. oktober vart ein opptur av dei sjeldne, med mengder av frisk sang og vellyd frå hammondorgel.

**Tekst: Aasmund Brekke**

**Foto: Yngvild Mørner Sørheim**

Målet var å samla inn pengar for å finansiera kjøp og oppgradering av det nye hammondorgelet som er kjøpt inn i kyrkja, og det var på førehand sendt ut åtvaring om at det ville bli teke opp ein "astronomisk kollekt". Med eit innsamlingsresultat på kr 54 243 så må ein seia at forventingane på dette punktet vart innfridde og vel så det.

Dette, saman med eit par store gåver til prosjektet frå enkelt-personar medfører at ein no har dekkja inn heile kjøpesummen og prisen på nødvendig oppgradering og renovering.

Konserten baud på musikk med mange dyktige aktørar som alle stilte opp på dugnad: dei framifrå solistane Solveig Mo, Bergljot Gjedrem og Remy Olsen, Rampbandet med Erlend Gjøn, Trygve Helleesen og Tor Håvard Wiig, for anledninga forsterka med Gunnar Innerdal og organisten i Loddefjord, Arnt Thyve. Han har lang erfaring med gospel på hammondorgel, alt under leiing av den lokale organisten Aasmund Brekke.

Soknerådsleiar Per Helge Refvik orienterte om prosjektet med kjøp av orgelet og Hein Kvalheim heldt ein flammande kollekttale. Per

Møll fortalde på inspirerande vis om nokre av sine opplevingar i møte med gospelkulturen i USA og hammondorgellets sentrale plass der. Sokneprest Maria Tveten delte nokre kveldstankar mot slutten av konserten, denne gongen med innlagte "preacher chords" frå Arnt Thyve på orgelet. Det kulminerte i ein allsongbolk der heile forsamlinga faktisk reiste seg på eige initiativ. Foldnes kyrkjelyd sitt eige kor, Gospelkoret Lokal Vokal avslutta konserten med nokre svært friske songar, og sette på denne måten eit verdig punktum for ein strålende kveld.



# KVA SKJER?

## Barn og unge i Hjelme og Blomvåg sokn

LEIRAR PÅ SKJERGARDS-HEIMEN	REFUEL	KRIK
6.-8. desember: 4. klasseleir 24.-26. januar: 5. klasseleir 14.-16. februar: 7. klasseleir 28.-30. mars: 6. klasseleir	29. november 13. desember 10. januar 24. januar 7. februar 21. februar 7. mars 21. mars 4.-6. april: Refuel Weekend  Rong senter kl. 19.30–22.30	22. november 6. desember 17. januar 31. januar 14. februar 28. februar 14. mars 28. mars  Hjelteffjorden arena kl. 19.30–21.30

Påmelding:  
kyrkja.no/  
hjelmeogblomvag



# Barne- og tweens-program

i Sund kyrkjelyd

<h3>Stjerne- og Tweenskoret</h3> <p>Likar du å synge? Vi har kor som øver i Sund kyrkje ca. annankvar tysdag:</p> <p>26. november, 10. desember, 7. januar, 21. januar, 4. februar, 18. februar, 4. mars, 18. mars</p> <p><b>Stjernekor</b> er for deg som er mellom 4-9 år. Vi møtes kl. 17.30-18.10.</p> <p><b>Tweenskoret</b> er for deg som går i 4. klasse og oppover. Vi øver kl. 18.15-19.15.</p>	<h3>Betweenklubb</h3> <p>kl. 17:30 til 19:30</p> <p>Frå 3. klasse og oppover! I kyrkjekjellaren, Sund kyrkje. Vi leikar, ulike aktivitetar, lærer frå bibelen, et kvelds saman.</p> <p>17. desember 28. januar 25. februar 25. mars</p>	<h3>Myldredag</h3> <p>kl. 17-19</p> <p>Middag, bibelforteljing, aktivitetar og felleskap. Ta med familien og kom, eller kom åleine.</p> <p><b>Kyrkjekjellaren i Sund Kyrkje</b></p> <p>3. desember 14. januar 11. februar 11. mars</p> <p><b>Kyrkjelydshuset på Kausland</b></p> <p>11. desember 22. januar 19. februar 19. mars</p>
----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------



Velkommen til  
**julefest** for  
heile familien!

**Fjell kyrkje**  
laurdag 4. januar kl. 17.00

**Landro kyrkje**  
laurdag 4. januar kl. 16.00

**Foldnes kyrkje**  
søndag 5. januar kl. 16.00

**Sund kyrkje**  
søndag 5. januar kl. 16.00

**Hjelme kyrkje**  
søndag 5. januar kl. 16.00

Det blir song, andakt, julepregang,  
underhaldning, kaker og mykje meir!

# Barnekryssord



## Vannrett

1. Stor frøkolbe
5. Jentenavn
8. Varmekilde
10. Unni Øvretveit
11. Carl Gundersen
12. Musical
13. Blyantboks
14. Anmode

## Loddrett

1. Kåre Sollie
2. Du ..... glitrende tre,  
goddag!
3. Feires 13. desember
4. Guds hjelper
6. Jentenavn
7. Jentenavn
9. Vitig person

Bli med i trekninga av hamburger med drikke og  
dessert for 4 personar på Burger King Sartor!

**YOUR WAY™**



Send inn kryssord til:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume  
Merk konvolutten:  
Kryssord

Frist: 4. februar

Vinnar av Barnekryssord  
i Himmel&hav nr. 3 – 2024:  
Emil Bergtun  
frå Sekkingsad

Namn.....

Adresse.....

.....



# T-dagen

Trusopplæringsdagen  
i Fjell, Foldnes og Landro

Glimt frå T6 Skulestart, T4 Kyrkjeboka mi,  
T11 På sporet av Jesus og T7 Pilegrim



På T6-dagen i Foldnes kyrkje vart dei ferske fyrsteklassingane godt kjende med forteljinga om Sakkeus. Tema for skulebarna var «ny start». I både Fjell, Foldnes og Landro kyrkje var T4-dagen ei flott, fargerik og variert familiegudsteneste, med bokutdeling, kyrkjekaffi og hobbyaktivitetar. Ein kjempesin gjeng sjetteklassingar møtte opp til T11 i Landro kyrkje. Dei fekk møte menneske frå Bibelen. Etter eit festmåltid, vart dagen avslutta med ei kveldssamling. I år var T7 Pilegrim lagt til sjølvaste jubileumsveka i Fjell kyrkje, dei fekk difor med seg både den nydelege vandringa og alle dei gøye familieaktivitetane i og rundt Fjell kyrkje etterpå.

## Invitasjon til T-dagar!



### T3

Advent

Søndag 1. desember i  
Fjell, Foldnes og Landro



### T7

Sprell levande

Laurdag 25. januar i  
Landro kyrkje



### T9

Tårnagent

Laurdag 15. mars i  
Fjell kyrkje



Påmelding  
og meir info:  
[kyrkja.no/t-dagen](http://kyrkja.no/t-dagen)



## Fellesskapskveld

I oktober var det fullt hus i Hjelm kyrkje. Folk i alle aldrar møtte opp på Fellesskapskveld med song av Gospelteens, god mat, konkurransar og song. Tema var Stefanusalliansen sitt arbeid i Egypt. Tre frå kyrkjelyden har nett vore i Egypt for å laga eit konfirmantopplegg om arbeidet som skal nyttast i heile landet.



## Jubileumsbasar i Fjell

Det var ein full kyrkjelydssal då Fjell arrangerte jubileumsbasar i oktober. Her var det mange flotte premiar og stort kakebord. Det kom inn kr 81 000 som går til misjonsprosjekta til kyrkja og til ungdomsarbeidet.



## Øygardssong

Det var fullt i Kulturhuset på Rong då Øygardssong vart arrangert for fjerde gong i oktober. Gjester dette året var Morten Samuelsen, Kor Harmoni og Katrine Skjold. Gjennom song og fellesskap var det god stemning heile helga.



## Hausttakkefest 27. okt.

Til gudstenesta i Sund kyrkje var det samla inn ting som kjem frå innhaustinga, slik som frukt, bær, korn (mjøl) og anna. Dei ulike tinga vart stilte opp på altarringen og mykje var lagt oppi ei lita vogn. Prest Kjell-Asle Børnes konsentrerte seg om dei tre delane av ordet haust-takke-fest i preika si. Han la særleg vekt på evna vår til å dele slik at alle får nok mat, ikkje berre ein del av menneska i verda. Stjernekorset sang, denne gongen i heilt nye t-skjorter som soknerådet hadde gitt dei.



Når fotografen gløymde å ta bilde, måtte vi samle gjengen på neste ungdomsklubb med instruksjonen: "No må alle vise at vi studerer Bibelen!"

# Ungdomar på bibelgruppe

For eit og eit halvt år sidan fekk tre 7. klassingar eit spørsmål då dei var på ungdomsklubben Refuel. Det vart starten på eit fellesskap som framleis samlast annakvar tirsdag.

## Tekst og foto: Hogne Berland

Når det nærmar seg sommar, pleier 7. klasse å få lov til å bli med på ungdomsklubben Refuel på Rong for å sjekke ut klubben før dei skal begynne på ungdomsskolen. Willem Oen Wågenes, Line-Sofie Oen og Mathias Jåvold vart med og syntes det var kjekt. Då dei fekk spørsmål om dei kunne tenke seg å bli med i ei bibelgruppe, sa dei ja med ein gong.

–Eg syntes det hørtet kjekt ut, seier Line-Sofie. På spørsmål om ho visste kva ho sa ja til, er svaret

enkelt: –Det ligg jo i ordet, det er bibel og ei gruppe!

Dei tre hadde også forslag til fleire andre som kunne spørjast. Alle sa ja og dermed var bibelgruppa i gang med ni ungdomar. På gruppa går dei gjennom tema frå Bibelen samane med leiarane Roar Barmen-Fløisand og Hogne Berland. Ellers vert tida brukt til mat, prat og mykje kortspel.

–Kortspel var ein viktig icebreaker i starten. Det gjorde det lettare å bli kjent, seier Mathias. Ludvig

Landro seier at dei har fått eit fint fellesskap i gruppa som han set pris på og understrekar at det er mange fine folk der. Sjølv om fleire kjende kvarandre litt frå før, så har gruppa hjulpet dei å bli endå tettare. Willem er einig og seier at fellesskapet er viktig. Ulike spel er framleis eit fast innslag på gruppa og engasjementet og lydnivået er som regel høgt. Det er viktig å få ut litt energi også, seier gutane.

–Vi lærer på skulen at det er viktig for den psykiske helsa å ha ein stad å høyre til. Det synes



eg vi har her, seier Natalia Mathisen. Ho synes også det er viktig å kunne få lære meir om kristendommen og det ho trur på. Line-Sofie er einig. –Om eg ikkje gjekk på bibelgruppe, hadde eg ikkje lært så mykje som eg har.

Eit og eit halvt år etter oppstarten held dei framleis på og har ingen planar om å gje seg. No er gruppa blitt ein del av konfirmantåret og endå eit par nye har kome til. Ein av dei nye er Thure Taule Soløy, han likar seg også godt. –Det er fint å høyre andre sine tankar og meiningar om livet og trua, seier han.

Leiar Roar Barmen-Fløisand er svært glad for høve til å vera saman med ungdomane og synest det er lett å svare på kvifor han vil bruke tid på dette.

–Eg brenn for å dele evangeliet om Jesus med unge menneske. Det er eit stort privilegium at dei faktisk har lyst å vera med i ei slik gruppe. Eg tenker at vi er velsigna som har desse ungdomane og eg håpar vi kan få bety noko for dei. Eg opplever dette som eit kall frå Gud meir enn noko vi har kome på sjølve, avsluttar Roar.

Det fins mange ulike bibelgrupper og samtalegrupper i Hjelme og Blomvåg, både for ungdomar og vaksne.

–Dette er eit satsingsområde for oss. Vi trur slike mindre grupper kan vera viktige fellesskap og ønskjer gjerne fleire, seier sokneprest Espen Tveten. Er du interessert i å bli med i ei gruppe eller har du lyst på hjelp til å starte ei gruppe, så ta gjerne kontakt med Espen eller kyrkjekontoret!



**Bli ein av oss**

- Eg gler meg til kvar vakt. Å gjera noko for andre gir livet mitt mening.

- Frivillig i Kirkens SOS

Les mer og søk på: [kirkens-sos.no/frivillig](https://kirkens-sos.no/frivillig)



### Avvigsling av Forland bedehus

For andre gong på fem månader har sokneprest Lars Arne Vik avvigsla eit bedehus i Sund sokn, noko han aldri tidlegare hadde gjort. I mai var det Telavåg bedehus, no dreidde det seg om Forland bedehus. Han las ein salme frå Bibelen og bad ei bøn før han erklærte huset for avvigsla som bedehus.

Bygget som har romma Forland bedehus ser ikkje ut som eit bedehus, korkje utvendig eller innvendig. I mindre grad har huset dei seinare åra vore nytta som bedehus. Derimot har det ofte vore nytta til ulike feiringar som fødselsdag, bryllaup og andre samlingar. At huset har vore vigsla som bedehus har sett visse avgrensingar på enkelte arrangement, som t.d. servering av alkohol. No vil huset bli eit grendehus for bygda. Eit nytt styre for huset skal setjast saman og nye vedtekter skal lagast.

Huset var opphavelig eit bustadhus, men ein gong på 1930-talet vart huset fråflytta. Sidan har det kome fleire tilbygg til som m.a. inneheld kjøken. For nokre år sidan hadde bedehusforeininga store utgifter i samband med skifting av heile taket. Det har også vore barnehage i dette bygget.

Olai Otterå

Vi gir deg ro til å hedre den som har gått bort.



**Φ**  
ΦIEDER

SOLSTRANDS  
BEGRAVELSESBYRÅ

Sartorgården, 2. etg. over Meny, 5353 Straume  
Tlf: 55 55 16 16 | solstrands.no | post@solstrands.no

*Bergen & Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



**Leirstedet til IMF  
Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

**Tlf. 56 31 04 40**  
**Fjell-ly leirsted**  
Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)



**Sund Senter  
Blomster**

**Opningstider**  
Mån.-ons. kl. 09-18, tors.-fred. kl. 09-20  
og laurdag kl. 09-16

Vi er fagutdanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder - og elles det du måtte ønska. Vi har utkjøring av blommar kvar dag. Vi har gravstell.



**Tlf.: 56 33 90 13**

**Din lokale elektriker!**



**Thunestvedt**  
Vestgar

Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
**Tlf. 400 30 210**  
[vestgarelektro.no](http://vestgarelektro.no)  
[vestgar@thunestvedt.no](mailto:vestgar@thunestvedt.no)

**Annonserer i**

*Himmel&hav*

**Vil du synast for alle  
innbyggjarar  
i Øygarden kommune?**

Bladet hamnar i alle postkasser i Øygarden, og det er 4 utgåver pr. år med eit opplag på ca. 15 000

Ved å annonsere i Himmel&hav får du gjort bedrifta di synleg i eit seriøst magasin til heile Øygarden.

**Ta kontakt med oss for meir informasjon og prisar:**  
[ys487@kyrkja.no](mailto:ys487@kyrkja.no)

# Vellukka jubileumsveke

Med over 2300 innom i løpet av veka, var det mange som gledde seg både over oppussing, gjenopning og arrangementa i Fjell kyrkje.

Sjå fleire bilete frå jubileumsgudstenesta på [kyrkja.no/fjell](http://kyrkja.no/fjell)



# Eit langt og variert presteliv

–Kyrkja er staden der alle kan samlast om noko som er vesentleg: tru, håp og kjærleik, seier Knut Kaldestad og ser tilbake på eit langt liv i presteneste.



**Tekst: Alvhild Vassel Eide**  
**Foto: Yngvild Mørner Sørheim**

Det byrja ein februar dag i 1955 då Knut vert fødd i Gloppen kommune i Nordfjord. Han kjem frå ein familie prega av kristenliv og ei bygd der det er eit flott og solid kristent ungdomsarbeid. I skulelaget «Fakkelen» og Ten Sing-koret Joy Sing møter han utfordringa til å dela trua med andre. Det har han felles med mange andre prestar som har gått på Firda Gymnas på Sandane.

Knut studerer teologi på MF og etter feltprest-teneste på Bardufoss, fell alle brikkar på plass og han vert ordinert til prest i Vereide kyrkje sommaren 1984.

–Kvar startar du prestegjeringa?  
–Eg ville tilbake til heimfylket, Årdal i Indre Sogn vert første arbeidsstad frå 1985. Men tre år seinare vert eg oppfordra til å søkja stillinga som regionsekretær for Vestlandet i Bibelselskapet. 13

fantastiske år! Først på 1990-talet vert det opna opp i Aust-Europa og etter-spurnaden etter biblar er stor, inspirerande! Eg fekk vera med på mange utanlandsturar som har prega meg.

I denne tida knyttar Kaldestad mange band til Fjell og Øygarden. I aksjonen «Handskriven Bibel» i 1993 får fjellsokningane vera med å skriva bibelvers og betala kr 20 pr vers, som går til barnebiblar i Ukraina. Eit artig poeng er at no samlar ei gruppe menneske frå Ukraina og Polen seg til familiesamlingar i Fjell kyrkje! –Opplegget «Vandring gjennom Bibelen for born» vart testa ut her i kommunen på skulane i Fjell. –Elles hugsar eg bibelstafetten gjennom gamle Øygarden på langs i skikkeleg uver! Eg samarbeidde med Leif Jarle Theis om å gjera kjent konfirmantopplegget «Jeg er».

Gjennom KRIK-leiren «Sport og Bibel» vert eg også kjend med KRIK-gjengen frå Fjell, bla Terje Aannerød og Helge Nilsen

–I Bibelselskapet har du ein medarbeidar som heiter Anne Ludvigsen?

–Ja, det stemmer! Vi gifta oss i 1997 og frå då har eg budd i Fjell, først på Eide og seinare på Bildøy. I 2001 vert Knut Kaldestad utfordra til å byta stilling, denne gongen til Kirkens Bymisjon. –Hovudoppgåva mi er å byggja opp Bymisjonssenteret, med Korskirken og Kafé Magdalena. Eg lærer mykje der! To uttrykk eg ber med meg derifrå som eg stadig vender tilbake til: «Ingen er berre det du ser» og «vis respekt», som betyr: sjå ein gong til.

–Frå 2006 var eg hovudprest på Haraldsplass og ein av leiarane i Retreat Bergen. I denne perioden

starta vi med kveldsbøn med retreatpreg i Fjell kyrkje.

–Seks år frå 2011 er adressa Lanzarote og arbeid i Sjømannskirken?

–Ja, det var ei fantastisk tid! Masse flotte opplevingar! Fellesskapet med og mellom dei langtidsbuande, som vert venner. Gudstenestefellesskap med hjartevarme og vaffelhjarte. Mange frivillige som tek på seg ulike oppgåver, vaktmesteroppgåver, basargruppe, vaffelsteiking og mykje anna. Anne pleier seia: –Knut er presten, Anne er resten! Men der er også rekneskapsførar og ikkje å gløyma vinterassistentar i perioden oktober-påske.

Tilbake frå Lanzarote, er Knut prest i Fridalen i Bergen, før han i 2019 vert tilsett som prostiprest i Vesthordland prosti.

–Korleis har det vore å koma «heim»?

–Dette har vore ei utruleg fin avslutning på prestedida, seier Knut begeistra. –Eg er blitt godt tatt imot i alle fem sokna og alle sju kyrkjene i Øygarden. Flott å vera med barnehage- og skuleborn i kyrkja og fortelja! Spanande å ha fleire dåp enn eg nokon gong har hatt, møta stolte foreldre, søsken, besteforeldre og oldeforeldre. Dåpen knytter oss til Jesus, det er ein rikdom å formidla det, fortel Knut. –Eg er også blitt berika av å møta mange familiar som har fortalt historien til den døde vi skulle halda gravferd for, familiehistorien, kvifor dei er blitt den dei er. Det er rikt å halda gudsteneste med den flotte vekslinga som er i kyrkjeåret, med bibeltekstar som utfordrar og skaper glede også i dag. Kyrkja er den staden der alle møtest og er saman om noko som er vesentleg, tru, håp og kjærleik, avsluttar Knut.

–Du vert pensjonist, korleis vert det?

–Eg gleder meg til det! Stå opp om morgonen og tenkja: «Ingen har krav på meg i dag». Det vert ei ny oppleving etter skulegang, studietid og ulike arbeidsgjevarer. Har lyst å lesa ein del bøker og å gå turar i naturen både i Øygarden og i Bergsdalen, der vi har hytte. Om eg byrjar å kjeda meg, får prosten ringja meg og spørja om eg kan ta ei gudsteneste eller ei gravferd, smiler Knut Kaldestad til slutt.

## Generasjonskveld i Landro

Blomsterdekoratør Nina Bru frå Kysthagen hadde tatt med seg flust opp av ting frå naturen i mange fargar og former.

**Tekst og foto: Alvhild Vassel Eide**



Nina Bru gav gode idear og råd.


For dei ca. 30 deltakarane i alle aldrar på kranserverkstaden i kyrkjekjellaren i Landro var det berre å forsyna seg, ta fram kreativiteten og utfolda seg. Somme hadde litt erfaring med kransbinding, andre bandt sin første krans denne kvelden. Alle var ivrige og det var berre godlyd å høyra. Det vart servert kaffi, kakao og frukt, praten gjekk livleg og kreative kransar vart produsert.

Diakon Synnøve avslutta med ei bibelforteljing og velsigninga. Ho ønskte oss også velkomne tilbake til neste Generasjonskveld, lefsebaking 28. november kl. 18.

PS: På nyåret vert det fleire generasjonskveldar med ulike tema, følg med på kunngjeringar og ver velkommen.



Full konsentrasjon.



## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

### SØNDAG 24. NOVEMBER

**Sund kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Misjonsalliansen.

**Fjell kyrkje kl. 11:** T12 LysVaken-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: T-dagen i Fjell.

**Landro kyrkje kl. 18:** Kvelds-gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd. Offer: Sjømannskirken.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Sprell levade gudsteneste ved Espen Tveten, dåp. Offer: Åpne Dører.

### SØNDAG 1. DESEMBER

**Sund kyrkje kl. 11:** LysVaken-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp. Offer: eige arbeid.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste og T3-dag ved Per Hjemdal, dåp. Offer: Basecamp

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste og T3-dag ved Maria Tveten, nattverd. Offer: NMS Thailand/DNI - Jesu døtre.

**Landro kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste og T3-dag ved Knut Kaldestad, dåp. Offer: eige arbeid.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

### SØNDAG 8. DESEMBER

**Kausland kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste med krubbespel ved Kjell-Asle Børnes, dåp. Offer: eige arbeid.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Avskils-gudsteneste ved Knut Kaldestad og Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd. Offer: Barne- og ungdomsarbeidet.

**Foldnes kyrkje kl. 19:** Lysmesse ved Maria Tveten og konfirmantar, nattverd. Offer: KIA Norge.

**Landro kyrkje kl. 17.30:** Vi syng jula inn, sjå s. 13.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

### FREDAG 13. DESEMBER

**Foldnes kyrkje kl. 07:** Ottesong med Øygarden kulturskulekor.

### SØNDAG 15. DESEMBER

**Kausland kyrkje kl. 17:** Vi syng jula inn, sjå s. 13.

**Fjell kyrkje kl. 17:** Vi syng jula inn, sjå s. 13.

**Foldnes kyrkje kl. 17.30:** Vi syng jula inn, sjå s. 13.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Lars Arne Vik, nattverd. Offer: Livets Lys.

**Blomvåg kyrkje kl. 17:** Vi syng jula inn, sjå s. 13.

### SØNDAG 22. DESEMBER

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

**Hjelme kyrkje kl. 17:** Vi syng jula inn, sjå s. 8.

### JULAFTAN 24. DESEMBER

**Kausland kyrkje kl. 14.30:** Gudsteneste ved Lars Arne Vik. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**Sund kyrkje kl. 16:** Gudsteneste ved Lars Arne Vik. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**Fjell kyrkje kl. 14 og 16:** Gudstenester ved Per Hjemdal. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**Foldnes kyrkje kl. 14 og 16:** Gudstenester ved Maria Tveten. Offer: eige arbeid.

**Landro kyrkje kl. 14.30 og 16:** Gudstenester ved Morten Torsvik. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**Tednebyggane kl. 11:** Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse.

**Blomvåg kyrkje kl. 14.30 og 16:** Gudstenester ved Espen Tveten.

**Hjelme kyrkje kl. 16:** Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse.

### JULEDAG 25. DESEMBER

**Sund kyrkje kl. 12:** Høgtids-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: NMS.

**Fjell kyrkje kl. 12:** Høgtids-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: NMS.

**Foldnes kyrkje kl. 12:** Høgtids-gudsteneste ved Maria Tveten, nattverd. Offer: NMS Thailand/DNI - Jesu døtre.

**Landro kyrkje kl. 12:** ved Morten Torsvik, nattverd. Offer: NMS i Thailand.

**Hjelme kyrkje kl. 12:** Høgtids-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd.

### 2. JULEDAG 26. DESEMBER

**Kausland kyrkje kl. 11:** Høgtids-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: NMS.

**Foldnes kyrkje kl. 12:** Reunion-gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd. Offer: Stefanusalliansen.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Høgtids-gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd.

### ONSDAG 1. JAUNAR

**Kausland kyrkje kl. 12:** Nyårs-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

**Fjell kyrkje kl. 12:** Nyårs-gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

**Landro kyrkje kl. 12:** Høgtids-gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd.

**Blomvåg kyrkje kl. 12:** Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: Åpne Dører.

## SØNDAG 5. JAUNAR

**Fjell kyrkje kl. 19:** Lysmesse ved Per Hjemdal og konfirmantar. Offer: Blå kors.

**Sjå s. 21 for julefestar denne helga**

## SØNDAG 12. JANUAR

**Sund kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: Sjømannskirken.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: KRIK.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

## SØNDAG 19. JANUAR

**Sund kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: Misjonsalliansen.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste med nattverd. Offer: Himalpartner.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med nattverd.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

## SØNDAG 26. JANUAR

**Kausland kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: Bibelselskapet.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste med dåp.

**Foldnes kyrkje kl. 19:** Kveldsgudsteneste med nattverd. Offer: Misjonsalliansen.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Sprell levande gudsteneste med dåp.

## SØNDAG 2. FEBRUAR

**Sund kyrkje kl. 19:** Ungdomsgudsteneste med dåp. Offer: Basecamp.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved med dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med nattverd.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Sprell levande gudsteneste med dåp og nattverd.

## SØNDAG 9. FEBRUAR

**Kausland kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: Bildøy Bibelskole.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

## SØNDAG 16. FEBRUAR

**Fjell kyrkje kl. 11:** Tverrkyrkjeleg gudsteneste med nattverd.

**Landro kyrkje kl. 11:** Familiegudsteneste med fastelavn, nattverd.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

## SØNDAG 23. FEBRUAR

**Kausland kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

**Foldnes kyrkje kl. 19:** Kveldsgudsteneste.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

## SØNDAG 2. MARS

**Sund kyrkje kl. 11:** Familiegudsteneste med fastelavn og dåp. Offer: eige arbeid.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

# Kontaktinfo

## SOKNERÅDSLEIARAR

**Sund sokneråd:**  
Arne Bakke, arne-bak@online.no

**Fjell sokneråd:**  
Eigil Nødtvedt, netgil@online.no

**Foldnes sokneråd:**  
Per Helge Refvik, perhelgerefvik@msn.com

**Landro sokneråd:**  
Dag-Olav Bjorøy, bjoroy@online.no

**Hjelme og Blomvåg sokneråd:**  
Erling Vik, erl-vik@online.no

## FELLESRÅDSLEIAR

Gisle Kåbø Rong,  
gislerong@hotmail.com

## KYRKJEVERJE

Annlaug Børve, 473 04 530,  
ab766@kyrkja.no

## SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortalt oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse: 924 63 278

Diakon Astrid Fylling: 971 75 733

Sokneprest i Sund Lars Arne Vik:  
477 56 440

Diakon i Sund, Torunn N. Utvær:  
922 34 648

Sokneprest i Fjell Per Hjemdal:  
411 26 549

Diakoniarbeidar i Fjell,  
Renate Olsen Seim: 994 63 819

Sokneprest i Foldnes Maria Tveten:  
450 63 016

Diakoniarbeidar i Foldnes,  
Maria Wergeland: 924 08 805

Sokneprest i Landro Morten Torsvik:  
909 37 169

Diakon i Landro, Synnøve Engelsen Eide:  
950 55 178

Sokneprest i Hjelme og Blomvåg  
Espen Tveten: 916 17 800


Diakoniarbeidar i Hjelme og Blomvåg/  
Foldnes, Ellen Ebbesvik: 924 42 881



Dåp betyr at det er høve til å ha dåp. Vi tek atterhald om at det kan komme endringar i gudstenestene, følg med på SKJERIKYRKJA.NO

Du kan også lese  
om kyrkja si  
verksemd på:  
[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

Returadresse:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



# Velkommen til julegudstenester

I kyrkjene blir det ekte julestemning.  
Saman finn vi ro og fred for julehøgtida.

Når vi samlast til julegudsteneste syng vi saman, du får lytte til juleevangeliet, høyre klokkene ringje og vi får gå inn i høgtida i fellesskap med kvarandre.

Med denne vesle stunda skaper vi saman ro, håp, gode minne og julestemning for store og små.

Sjå oversikt over alle gudstenestene på s. 30 eller på [skjerikyrkja.no/menighet/oygarden-kyrkjelege-fellesrad](http://skjerikyrkja.no/menighet/oygarden-kyrkjelege-fellesrad)

Her er det rom for deg.



DEN NORSKE KYRKJA  
Øygarden kyrkjelege fellesråd